



# *Menighetsbladet*



Tustna



Aure



Stemshaug

Nr 3 2021 46. årgang

## **AURE KYRKJE, NYMÅLA OG FIN**



Foto Kjell Arnold Fagerlie



# Andakten

## Av Torbjørn Gjerde

### Apost. 16.25-34

Kvar gong eg les om Paulus og Silas i fengsel blir jeg fasinert og glad. Dei hadde eit godt budskap som gjaldt alle. Til og med fangene høyrd på dei, noko som førte til at dei heller ikkje rømte når dørene vart opne og lenkene løsna av alle.

Fangevakteren vart også grepen av det han høyrd og spørsmålet vart, kva skal eg

gjera for å verta frelst? Svaret frå Paulus var ikkje nokon stor arbeidsoppgåve eller prestasjon. Nei, Paulus sa: tru på Herre Jesus så skal du og alle i ditt hus bli frelst. Dette førte til handling med ein gong.

Dei fikk evangeliet forkjent i heimen og gleda vart stor over at dei hadde fått teke i mot Guds ord og kome til tru.

Guds ord har same virkning i dag også



om vi let opp sinn og tankar og tek det til oss. Tru på Herre Jesus, så skal du bli frelst. Det gjeld i dag også.



## Julemesse Aure Misjonshus

Laurdag 20. november er det julemesse på Aure Misjonshus. I år er det Misjonssambandet som arrangerer.

I år som i fjor blir det digitalt sal av lodd. Du kan kjøpe lodd på to måtar:

- Betale inn på vipps-nr 629114 – Julemesse Aure Misjonshus.
- Betale inn på konto 4202.06.88240

Pris per lodd er 25,-. Når pengane er registrert innbetalt, vil Morten Arve Gjerde skrive lodd til deg.

### Program

Kl. 11.00	Dørene opnar Sal av varer, mat, åresal og lodd.
Kl. 14.00	Familiemøte Presentasjon av trekningslister.

*Har du gevinstar, ta kontakt med Asrid Gjerde, tlf. 979 60 723.*



## HOVEDLOTTERI NLM JULEMESSE 2021

- |                              |                                                                                         |
|------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------|
| 1 Brodert adventsløper       | 15 Solcellelykt                                                                         |
| 2 Brodert veggbilde          | 16 Barnehenser 4 år                                                                     |
| 3 Brodert duk str 130x240    | 17 Stor sekk med ved 1                                                                  |
| 4 Barnegenser str 4 år       | 18 Stor sekk med ved 2                                                                  |
| 5 Fenalar på stativ          | 19 Rosendal vannkaraffel                                                                |
| 6 Gavekort Coop Extra 500 kr | 20 En eske vaskeartikler                                                                |
| 7 Adventskalender            | 21 Gavekort hos Jøran kr 250                                                            |
| 8 Strikka barnekjole         | 22 2 Høye soveputer                                                                     |
| 9 Damegenser                 | 23 Viltstek                                                                             |
| 10 Pledd                     | 24 Kolonialkasse                                                                        |
| 11 Kolonialkasse 1           | 25 Bag med bilpleie fra Vean Bil<br>+ Flere gev kommer til lotteriet<br>før julemessan. |
| 12 Knivsett                  |                                                                                         |
| 13 Handmixer                 |                                                                                         |
| 14 Fat med ost og kjeks      |                                                                                         |

## TRUSOPPLÆRING HAUSTEN 2021

For tida er stillinga som trusopplærar vakant.

Likevel vil vi prøve å få til nokre tilbod i haust.

Det blir i alle fall utdeling av 2- og 4-årsbok.



Elles så ber vi om at de følgjer med på heimesida vår [www.aurekyrkje.no](http://www.aurekyrkje.no) og vidare vil vi opplyse om tilbod og aktivitetar på Facebook.

*Kyrkjeverja*

# Min salme

Av Berit Helene Hafssås

**Min plass, der jeg finner ro og fred.**

## Du vet vel at du er verdifull

En salme som har fulgt meg fra jeg gikk på skolelaget i ungdomsåra.

En salme som sier mye i seg selv.

At en må finne seg selv, og finne sin egen plass i hverdagen, ikke jage etter verden rundt seg.

Og prøve å huske at en er verdifull selv om livet butter imot.

*Du vet vel at du er verdifull?*

*At du er viktig her og nå.*

*At du er elsket for din egen skyld.  
For ingen andre er som deg.*

*Det er for mange mennesker som ønsker  
å snakke om  
at du bør være slik og slik.  
Gud Fader selv, han aksepterer deg  
uansett.*

*Og det kan du stole på.*

*Du vet vel at du er verdifull?  
At du er viktig her og nå.  
At du er elsket for din egen skyld.  
For ingen andre er som deg.*

*Du passer inn i selve skapelsen  
Det fins en oppgave for deg.  
Men du er fri til å gjøre hva du vil med den,  
si ja eller nei.*



*Du vet vel at du er verdifull?*

*At du er viktig her og nå.*

*At du er elsket for din egen skyld  
For ingen andre er som deg.*

Melodi og tekst (originalt på svensk)  
Ingemar Olsson.

## 2021 - et jubileumsår!

Kulturformidler Odd Georg Murud kommer til Stemshaug kyrkje tysdag 28. september kl. 18.00 for å fortelle oss om **Hans Nielsen Hauge**, som ble født for 250 år siden.

Mange kjenner ham som en engasjert formidler av norsk og internasjonal litteratur. Velformulerte foredrag «minus manus» med innslag av gitar og viser over hele landet. Han har forbløffende hukommelse.

Odd Georg Murud har vært engasjert ved Det Norske Teateret ved dikterjubileer for blant andre Henrik Wergeland, Carl Michael Bellman og Robert Burns. Han har vært med på å stifte Evert Taube's venner, Drøbaks lyriske selskap og Gjerdesmetten, Gjerdrums lokale lyrikkklubb.

80-åringen har vist uoppslitelig engasjement for fred. I styret for Norges fredsråd, Kristent fredslag, Norges fredslag og Nei til atomvåpen, som reiseleder for Bikes for Peace på Den Transsibirske Jernbane og som utsending til Nord-Korea for Evangelisk Orientmisjon der arbeid for fred ble praktisert gjennom utdeling av frø til matauk.



Kulturformidler Odd Georg Murud.

## SONG OG SALMEKVELD I AURE KYRKE

Det blir song- og salmekveld torsdag den 18. november kl. 19 i Aure kyrkje.

Tema for kvelden blir Tru, håp og kjærleik. Aure songlag og Arti læll deltar. Sett av kvelden.

Kyrkjemusikalsk utval

## ØNSKER DU JOBB I KIRKA?

**Vi har ledig stilling som trosopplærer i 32% stilling.**



Dette er en stilling der du jobber med barn mellom 0-18 år. Kan nevne noe av det som ligger i trusopplæringsplanen: Babysang, sangsprell, utdeling av bøker 2-4-6 år, Tårnagent, Hallovenn, Lys Våken, påskevandring og julevandring. Lønn etter tariff.

Vi tilbyr et godt arbeidsmiljø og fleksibel arbeidstid. Ta kontakt på post@aurekyrkje.no eller tlf. 47974784

Kirkevergen

# Kaffepraten med Årets aurgjelding Orkdaling med hjarte for Aure

Tekst: Asbjørn Barlaup

- Har du sett så flott det vesle epletreet er?  
Det er mest utruleg!

I solskinet ute på plena står ein ivrig gestikulerande Stein Brage Raanes og frydar seg over synet av knallraude eple på alle greiner. Begeistringa er så stor at ho må bli teken bilde av med ein gong. Etter fotografering ruslar vi inn og opp i stova, og kaffe og kaker kjem på bordet.

I trappeoppgangen heng to diplom, det eine er kommunens Kulturpris frå 1994. Det andre diplomet er Årets aurgjelding 2021. Og der les vi: "I sterke konkurransen med mange andre gode kandidater, kom en enstemmig jury for Årets aurgjelding fram til årets prisvinner. ... Om Årets aurgjelding 2021, legger juryen stor vekt på et fantastisk engasjement gjennom mange år. ... Via dette engasjementet er det stor smittefare, og på en forbilledlig måte får årets prisvinner med seg andre. ... Årets vinner kan på et vis beskrives som å ha svart belte i frivillig arbeid."

- Om eg er lett å begeistre? Å ja, det må eg vel vedgå, humrar orkdalingen som så til dei gradar har vorte eitt med aurgjeldingane. Han vokt opp saman med søster si på Fanremsmoen i Orkdal og var nærmeste nabo til ein annan Fanremsbypigg som òg har gjort aurgjelding av seg, Arne Mastad. Etter realskolen vart det ikkje gode gamle "Follo" (Orkdal gymnas) som vart valet for

Stein Brage, han hamna på økonomisk gymnas i Trondheim.

- Men i helgene var eg heime i Orkdal og var mykje saman med "Follo-trælane", mange av dei kom utabygdes frå og budde rundt om i dalføret. Mellom desse var Kari Todalen i Aure. Og det vart snart sot musikk mellom økonomieleven frå Fanremsmoen og norrøneleven frå Todalen. Etter unngagjort gymnas og verneplikt vart det politiskolen på Stein Brage, og den nystifta familien flytta så til Smøla og var der i halvtanna år.

- Vi kom hit til Aure i 1975, og eg fekk lensmann Jon Reiten som sjef. Ei fin tid saman med han og sidan saman med Kjell Harald Bugge. Mellom anna fekk vi spora opp og sortert i mykje historisk arkivstoff og sikra for ettertida. Så fekk eg i 1986 tilbod om å vera lokal leiar for Gjensidige og var der i ti gode år, da vart Kari og kollega på kontoret og heldt fram etter at eg sluttar. Og elles er no ho den som har teke største støyten heime. Sjølv vart eg banksjef i Aure Sparebank/Sparebanken Midt-Norge (der fekk vi òg redda ein god del arkivmateriale) til eg ved årtusenskiftet vart trygdesjef - med enda meir arkivmateriale å sortere i og bevare - og i 2005 leiar for NAV-kontoret i bygda og etter eit år i den nye samanslætte kommunen.

- Det kan vel høyrast ut til at eg stort sett har arbeidd med å sortere i gamle arkiv. Slik er det no ikkje. Men det er ufatteleg korleis aurgjeldingane har teke vare på gamle dokument, stoff som er veldig verdi fullt for å studere historia i kommunen. Men mest har eg no arbeidd med notida og prøvd å hjelpe folk så godt eg har fått det til. Det galdt òg for den siste jobben eg hadde, i vel fem år, som rådgjevar i trygderegler o.l. for brukarane på Aure Rehabiliteringssenter.

Og det gjeld i politikken, han satt i kommunestyret for Arbeidarpartiet i to periodar og like lenge i samferdsleutvalet i fylkestinget.



Årets aurgjelding 2021 Stein Brage Raanes  
Foto Line Ormset.



Stein Brage Raanes  
Foto Asbjørn Barlaup

- Der fekk vi banka gjennom Tjeldbergoddan og Aursundsambandet, det var veldig artig og kolossal viktig for kommunen. All ære til Knut Baardset for vilje til å stå på og ikkje gje seg. Det var ein stor dag da Aursundbruene vart opna med vel 2000 til stades. Tårene trilla hos mange da ferga bles tre støytar i fløyta under Mjosunbrua og hadde gjort sin siste tur mellom Leirdalen og Åneset.

Vi kjenner Stein Brage frå mange aktivitetar utanom jobb og politikk, slik diplomet i trappa seier. Han vart mellom anna tidleg spelande fotballtrenar for A-laget eit par år. Og er ikkje den som stikk seg unna når det er dugnad på gang. Og ein rolle alle kjenner han i, er som dirigent i skulemusikken.

- Frå tida i musikkorps i Orkdal kunne eg spele klarinett og saxofon, og det var stort sett det eg kunne. Så at eg skulle "hoppe etter Wirkola" og ta over for sjølvaste Ivar Vik, var no utenkt. Han hadde starta opp heile skulemusikken og var den som drog lasset i eit kolossal arbeid for dei unge. Men han fekk eit komplisert brot i foten da han skulle plukke knype til Åse inne i Todalen. Og eg måtte til pers som dirigent. Før jul det året drog vi til og med til Orkdal Sjukehus og spela for han og dei andre på sjukehuset.



Foto: Tidens Krav

- Og sidan vart det gode år saman med Ivar i skulemusikken. Han var eit stort forbilde for meg. Og han gav meg tillit og spelerom. Medan han var mild i formen, var eg meir militær, eg beordra svarte sko og strømper og marsjering! Og sidan kom drilljenter til, og på det meste var det ca 60 born og ungdom i korpset, med "drillpiker, spill og drill og show og dans." Så da Ivar gav seg etter ein formidabel innsats gjennom mange år, måtte eg berre halde fram, og det òg var ei god tid. Det var om å gjøre å prate med kvar enkelt musikant og få greie på kva han/ho hadde lyst til og passa til. Og så var det å oppmuntre kvar enkelt til å ha trua på seg sjølv og trå til. Det er viktigare enn pirk. På eit musikkstemne kom ein av dei "professionelle" dirigentane bort til meg og spurde korleis vi fekk ungane til å spele så reint!

- Elles vil eg seie at korpset var ein god fellesnemnar og eit "lim" for born og ungdom som elles var aktive i ulike lag, som idrettslag, ungdomslag eller på bedehuset. Og foreldra til dei unge musikarane, med støttelaget i spissen, gjorde ein formidabel innsats heile tida. På ein basar på 80-talet kom det inn 40 tusen kroner, tenk på det! Sjølv var eg i korpset i 20 år. Og som pensjonist er det artig no å få vere med å

halde liv i tradisjonane, t.d. når "veteranane" i eit høgst amputert korps leier an i 17-maitoget med dei gamle marsjane.

- Helselaget er det òg veldig meiningsfylt å vere med i. Solidariteten der fenger meg. Vi har mellom anna fått vere med som hjelpemannskap under vaksineringen mot covid 19. Og vi har trivelege ting som "Torsdagskaféen". Elles er demenssaka noko som opptek oss mykje. Den som er vorten dement, har same menneskeverd og krav på respekt og hjelp som einkvar annan. Så gjennom livet har eg fått vere med og arbeide med og for folk i alle faser av livet. Det har vore ei glede og ein rikdom.

- Om eg har ein favorittsong eller -salme? Av songar er det ein eg vil nemne: *Din tanke er fri*. Ein viktig bodskap. Elles er det ein dåpssalme eg er veldig glad i, som foreldre til fire og besteforeldre til 12 har vi vorte veldig glade i Svein Ellingsen sin dåpssalme: *Fylt av glede over livets under*. Og ikkje mange år etter årtusenskiftet vann eg ein SPA-tur med Lars Fladseth & co. Kari og eg kjøpte ein billett til og vart saman med til Estland. Det var fantastisk å sjå arbeidet som der blir gjort for folk på gata i Narva og ikkje mindre på barneheimen, der vi etterpå fekk sendt over

verktøy til "sykkelverkstaden" deira. Og det var ei stor oppleving å stå på podiet i pinsekyrkja i Narva og synge *O store Gud* saman med dei andre deltakarane på turen. Det gløymer vi aldri.



«Har du sett så flott!»

# Utdrag fra Biskopens visitasforedrag, Aure misjonshus, 13. juni 2021

## Gullstein, Aure og Stemshaug sokn 8. -13. juni 2021

På tredje forsøk kom Biskop Ingeborg Midttømme til Aure på Visitas. Programmet var noe redusert pga pandemien, men tilsynet ble gjennomført. Her er et utdrag fra biskopens foredrag som hun leverte muntlig på siste dagen i Visitasen.

Det var så godt å endelig få komme til dere. ... Det var som om Skaperen selv har smilt til oss denne uken, for vakrere enn det var å komme i land på Tustna tirsdag morgen i strålende solskinn, kan det ikke bli.

Å være biskop er å være en som ser. Det er et privilegium. Det var godt å få komme og se til dere. Takk for disse flotte dagene jeg har fått ha sammen med dere. Forrige visitas som var i juni 2012, hadde et litt annerledes program enn vi kunne få til denne gangen. Besøkene i Steinhaugen barnehage på Leira og Sør-Tustna skole, måtte dessverre utgå. Det samme måtte babysang på Aure sjukeheim møtet med ungdomsskoleelevene. ... Takk til alle dere som har tenkt og planlagt. Takk for alt omtanke og alt det usynlige arbeidet med henhold til smittevern som ligger bak alt vi har fått gjennomføre.

Denne uken startet vi med en liten guds-tjeneste i Gullstein kirke, så kjørte vi opp til



Frå venstre: Biskop Midttømme, Per Eilert Orten og Birger Foseide.

Brekka før vi var på gårdbesøk hos Arve og Kari Goa. Vi har hatt møter med de ansatte, med lederne for rådene, med kommuneledelsen, andakt på Aure sjukeheim og møte med einingsleiar der. Det ble fagmøte på Aure Misjonshus med imponerende mange fra fellesråd, sokneråd, trusoppplæringsutval, gudstenesteutval, dia-

koniutval, konfirmantutval og kyrkjemusikalsk utval. Vi har hatt kveldsgudstjeneste i Stemshaug kyrkje med korsang av «Arti» læll», møte med frivillige medarbeidere hvor vi hadde fokus på misjon, møte med lærere fra hele kommunen og deltatt på Eldres hyggestund som møttes for første gang på mange måneder.

Jeg har sett veldig mye jeg er takknemlig for. Det er flott å se sokneråd som har så mange utvalg og utvalgsmedlemmer som arbeider så godt sammen med de ansatte, tar ansvar og vil jobbe langsigktige. Særlig har trosoppplæringa stått i fokus i flere møter. Det vil prosten følge opp videre.

...

Dere beskriver erfaringer vi som kontor har tatt på alvor, og soknepresten er gjennom sitt arbeid i bispedømmerådet gjort kjent med dette. *Visitasmeldinga påpeker at bispedømmerådets vedtak fra 2006 om omfanget av prestetjeneste ikke er fulgt opp. Det er sett, men det er en sak for bispedømmerådet og ikke noe som biskopen kan løse under en visitas.*

Dere gjentok dette samme med henhold til prestetjenesten i denne visitasmeldinga. I år har jeg valgt å løse det ved åpent og ærlig å si både noe om den ressurssituasjonen som er i Den norske kirke i dag og å være tydelig når det gjelder de endringer staten har bestemt for organiseringen av prestetjenesten. Prestegjeldet er borte. Alle prester gjør tjeneste i hele prostiet under ledelse av prosten. Kirkeloven er opphevet og erstattet av en felles lov for tros- og livssynsamfunn. En ny kirkeordning kommer i neste uke på høring. Spørsmålene både kommunen i egen høring og det enkelte sokn skal ta stilling til, er mange. Midt i alle disse endringsprosessene, er det min inderlige oppfordring til dere å huske at kirkens mandat; vårt kall og oppdrag fra Jesus selv hverken er eller skal bli endret.

Visitasreglementet for Den norske kirke §1sier: «Formålet med visitasreglementet er gjennom bispevisitasene å legge forholdene til rette for aktivt engasjement og stadig fornyelse i den evangelisk-lutherske folkekirke i Norge. (...) Formålet med bispevisitasen er å støtte, inspirere og veilede menigheter og ansatte, og gjøre kirkens nærvær synlig i lokalsamfunnet.



Medvirkende på Visitasgudsteneste.

## Møte med kommuneledelsen

Et møte med kommunens ledelse er en fast del av biskopens visitasprogram, og det var så inspirerende å møte en for meg ny rådmann og ny ordfører som hadde så mye viktig og bekreftende å si om kirka. ... Biskopens tilsyn handler dypest sett om hvordan troens liv leveres, om hvordan kirk-en er kirke. Og inn i dette har kommunen viktige oppgaver. Da Grunnloven ble endret i 2012, valgte Stortinget å opprettholde kommunens økonomiske forpliktelse for den lokale kirke. Dette lå til grunn da Stortinget i fjor vedtok en felles lov for tros- og livssynssamfunn. Som bakgrunn for det lovarbeidet leser vi: «Den norske kyrkja skal fortsatt vera ei landsdekkjande kyrkje med brei kontaktflate og rom for ulike gradar av trusengasjement og aktivitet blant sine medlemmar. (...) Det er viktig å understreke at nyorganiseringa av statens forhold til Den norske kyrkja ikke har som intensjon å endre Den norske kyrkja som ei åpen, romsleg og inkluderande folkekirke.»

Stortings vedtak definerer kirken som kirke og samtidig som en veldig viktig samfunnsaktør....



Fra venstre: Rådmann Håvard Sagli, Biskop Ingeborg Midttømme og ordfører Hanne-Berit Brekken.

## Vår visjon og identitet

Den overordnede visjonen for Den norske kirke og for Møre bispedømme er: «Meir himmel på jorda». Identiteten og oppdraget vårt lyder: «Den norske kyrkje – ei evangelisk-luthersk folkekirke. Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus ved å vere vedkjennande, open, tenande og misjonerande.»



Fra venstre: Kirkeverge Judith Susanne Bjørk, prost Sindre Stabell Kulø, biskop Ingeborg Midttømme, prest Per Eilert Orten og prest Birger Foseide.

Det handler om å holde fokus, det handler om hensikten med at vi er kirke. Kirkens viktigste oppgave er jevnlig å la de døpte samles rundt Ordet og nattverdbordet; å feire gudstjeneste.

Gudstjenester hvor stadig nye kan ønskes velkommen til dåp og få hjelp til å leve dåpens liv / leve i dåpens nåde. Vår kirke tror, at der hvor Ordet forkynnes og sakramentene forvaltes, skaper Gud tro.

...  
Jeg startet med å takke, og jeg avrunder med det. Gjennom denne visitasen har dere vist oss mye om det å være en gjestfri, fleksibel, trygg og raus folkekirke som peker tydelig på Jesus.  
Tydelig i toner og ord. Tydelig i alt det vakre. Tydelig i handling og omsorg.  
Gud velsigne dere alle i Tustna, Stemshaug og Aure sokn.

13. juni 2021  
Ingeborg Midttømme  
Biskop



Biskopen ved prestegården.

## En kort oppsummering

1. Biskopen ber oss jobbe videre med samarbeid med kommunen, skolen, barnehager og eldremørsorg.
2. Vi ble gjort oppmerksom på frivilligåret 2022. Biskopen ber oss sette fokus på frivillighet som hjørnestenen i den norske samfunnsmodellen.
3. Biskopen ser behovet for å ansette en diakon, muligens sammen med Smøla.
4. Biskopen oppmuntrer oss til å ta nattverd inn i alle gudstjenester som et fast element.
5. Og biskopen ser at menighetene i Aure er nærværende, trofast bekjennende, delvis åpen men likevel tjenende og misjonerende folkekirke, og hun ber oss holde fast ved det.

Til slutt minner biskopen oss om Visitas III som skjer innen ett år, der prosten følger opp fra denne Visitas II.

## **50-års konfirmanter Aure/Stemshaug**

1. rekke

Bodil Janne Nyland

Anne Grete Klokset

Liv Melland

Gerd Hoem

Berit Vågan

2. rekke

Jorid Leirdal

Birgitte Mæle

Reidun Torset

Mona Johannessen

Ruth Fævelen

Greta Glomstad

3. rekke

Steinar Torset

Edvard Ormset

Jon Bjørnholm

4. rekke

Ola Bakken

Olav Ulfnes

Arnt Georg Røv

Martin Olav Folde



## **50-årskonfirmanter på Tustna:**

Fra v. Britt Amundsen

Stokke, Per Arild Golmen,

Egil Halsbog og Liv Aukan.



## **Aure kyrkje framstår no nymåla og fin**

I samband med at Aure kyrkje fekk to store testamentariske gåver frå Mary Schjølberg og Margot Rise, bidrog dette til at kyrkjeverja og fellesrådet kunne starte prosessen med å få måle heile Aure kyrkje. Det var ikkje enkelt å hente inn tilbod, men vi var heldige og inn-gjekk kontrakt med Malermester Jostein Skjetne AS frå Frei.

Må også seie at det var eit spennande prosjekt på grunn avvêret. Men vi har hatt eit fantastisk vær, noko som bidrog til at arbeidet gjekk utan stopp.

Arbeidet inneheoldt vasking og skraping av alle flater. Flikking og to strøk måling med linoljemåling. Vidare kitting og måling av vindauge. Det vart også skifta ut nokre få bord som var rotna, i tillegg to glasruter som var knuste.

Det vart også skifta ut både gavl- og mønebeslag i kopar. Dette var det Freiblikk som utførte. I tillegg utførte Freiblikk reinsking av takrenner og la på ny takstein der det var behov.

Tekst og foto: Kyrkjeverja



**SJØSIDEN**  
FRISØR  
**Bente L.**  
**Kristiansen Istad**  
Mjosundet  
**Telefon 479 55 426**

**H. Aukan**  
**Regnskapskontor AS**  
Tlf 71 64 40 40 – 6698 Lesund  
Økonomisk rådgivning –  
Regnskapsføring  
Skattespørsmål  
VI HJELPER DEG!!

### Vi arrangerer

- \* Barnedåp
- \* Konfirmasjon
- \* Bryllaup
- \* Bursdager
- \* Minnesamvær
- \* Catering



Døgnvakt tlf.:  
**72 45 25 37** **VIRKE GRAVFERD**

#### Gravmonumenter

Gratis montering m/garanti



#### Vi utfører også

- Oppussing og navnetifoyeler
- Vask/rensning av monument
- Omsliping av stein
- Opprettning av stein/sokkel
- Montering av lykter/duer/vaser/bilder
- Montering av bedrammer
- Fjerning av gammel stein

Benkplater i stein

Spylling av hustak og husvegger

#### Kontakt:

**Bertelsen Stein & Spylderservice**  
v/Ola Bertelsen - Tlf. 417 70 510



Dagligvarer, bensin, diesel

6697 Vihals – Tlf 71 64 56 45

## BUNNPRIS

Aure

09 - 22 (20)

Tlf 71 64 62 70



### Har du byggeplaner?

Vi er forhandler av Husmenyen og Hyttemenyen

#### Vi forhandler:

- Arbeidsklær og verneutstyr
- Hus, hytter og garasjer
- Kjøkken, bad og garderobe
- Lås og beslag
- Maling, tapet og gulvbelegg
- Parkett og laminat
- Trelast og byggevarer
- Verktøy og redskaper
- vinduer og dører

Gode tilbud på impregnertmaterialer.  
Varebringning etter avtale.

Åpningstider:  
Mandag - fredag: 07:00 - 17:00  
Lørdag: 09:00 - 14:00

Adresse: Tennhaugen Industriområde,  
6699 Kjørsvikbugen  
Telefon: 71 64 53 20 - Faks: 71 64 53 21  
E-post: byggvarehuset@c2i.net

### Skipnes Mek. Verksted AS

6697 Vihals  
Tlf 71 64 56 41  
Faks 71 64 56 67



## Blomster og gaver i Aure!

- sesongens blomster og planter
- spennende gavebutikk
- busker, trær, stauder.

Vi bringer!



Vi leverer alt til  
begravelser i  
Aure og  
Stemsaug.  
Frakt kr 50,-

ÅPENT  
ma-to 10-17  
Fre 10-18  
Lør 10-15

Velkommen til Vihals

### Flora Idé AS

– Jørjan Ulfnes-Skar –  
gartner og dekoratør  
Tlf 716 46 500 – 926 81 668

### Vil du gi en gave til Diakoniarbeidet?

Kontonumeret er: 4068.47.17814

### Diakoni

Hva betyr Diakoni? Diakoni er et begrep som brukes innen den kristne kirken om alt arbeid som angår nestekjærlighet og omsorg. Det kan også forstås som evangeliet i handling. Nøkkelordene for Diakoni er nestekjærlighet, inkluderende fellesskap, vern om skaperverket og kamp for rettferdighet.





# Livets gang

## Aure kyrkje

### Døpte:

20.06 Sanna Øien Skogan  
04.07 Nelly Bjerkan Strand  
04.07 Sivert Goa Torstuen  
04.07 Rikke Sofie Torsetnes Steen

### Døde:

09.02. Bjørg Røvik f. 1929 (feil namn i blad 2/21)  
14.06. Inger Langholm, f. 1935  
28.08. Bodil Dromnes, f. 1944  
29.08. Kirsten Torset Vik, f. 1929

## Gullstein kirke

### Døpte:

11.07 Leo Aleksander Sørvik Leren  
08.08 Jørgen Larsen Tømmervåg  
08.08 Iver Langholm Efraimsen

### Vigslet:

21.08 Synnøve Folleststad og Øystein Ørbog

### Døde:

27.09.20 Martha J. Didriksen (urnenedsettelse), f.1927  
29.6. Anders Hals, f. 1941  
27.7. Inger Marie Thordarson, f. 1926  
6.6. Aud Gumnes (urnenedsettelse), f. 1937

## Stemshaug kyrkje

### Døpte:

18.07 Lea Eline Hjelen Ormset

### Vigslet:

07.08 Ida Slettbakk Fløtnes og Mats Torset

### Døde:

17.06. Olav Bakk, f. 1930  
17.06. Ingebrig Wigm, f. 1930

**Vareminnesider.no – dødsannonser frå heile landet**



## Gravsted-tjenester



- Stell av graver • Pusser opp skrift i stein, • Gull (22 karat). • Sølv, hvitt og sort lakk.
- Vask av steiner og fundament, Vi fjerner mose og groe • Oppretting av skeivt gravminne.
- Vi selger og nye gravminner, samt inn hugging av nye navn. • Lys, lykter og bronse artikler.

**Smøla, Aure, Hitra, Frøya og Heim - Tlf 91568305**  
**gravstedtjenester@gravstedtjenester.no**

**TA KONTAKT MED JAN FRODE JOHNSEN PÅ 91568305**  
gravstedtjenester@gravstedtjenester.no



**ØYVILT**  
6694 Foldfjorden  
TLF: 915 75 803  
**Vilt-Fisk-Fiskemat**

**Ring oss på**  
**481 57 263 / 915 75 803**  
**for en hyggelig prat.**

Vi tilbyr catering til alle anledninger  
 - Dåp  
 - Konfirmasjon  
 - Minnesamvær  
 - Bryllup  
 - Møtemat og lunsjer

Vi kan tilby en variasjon av retter; koldtbord, tapas, snitter, varmretter og desserter.

## Aure, Stemshaug og Tustna sokn

### Adresse:

**Aursundsvegen 147**  
6690 Aure  
post@aurekyrkje.no

### Sokneprest:

Per Eilert Orten: 908 94 398

### Kyrkjekontoret, Aure

Tlf: 71646251

Kontortid:

Ty-, to-, og fredag

kl 0900-1300

[www.aurekyrkje.no](http://www.aurekyrkje.no)

### Telefonar:

Kyrkjeverje:

Judith Bjørk: 924 35 280

Organist:

Alexey Kurbanov: 924 30 113

Kyrkjetenar/

Kyrkjegardsarbeidar, Aure:

Kjell Arnold Fagerlie: 932 19 835  
Kirketjener/Kirkegårdsarbeider Tustna:

Roger Steen

468 62 240

Sekretær Dordi Signe Oldervik  
479 75 472

### Kyrkjelydsarbeidar:

Judy Rangnes 479 75 083

Konfirmantlærar

Stig Ottar Jensen

414 77 533

Ansvarleg for trusopplæringa  
Vakant

### Bladstyre:

Jan Ove Krutvik: 915 21 410

Asbjørn Barlaup: 482 37 889

Einar Ørbog, Miriam Finset Ingvaldsen,  
Brit Nilsen, Ann-Mari Ulsnes,

Anne Marie Moltubakk og  
Judith Susanne Bjørk

### Menighetsbladet kontonr.

4068.30.04415

VIPPS: 611170

### Trykk:

Orkla Grafiske AS

Tlf. 72 48 23 20

E-post:

[ole-kristian@orklagrafiske.no](mailto:ole-kristian@orklagrafiske.no)

[www.orklagrafiske.no](http://www.orklagrafiske.no)



# Gudstenester

**Med etterhald om endringar  
– følg med i aviser og oppslag og på  
websiden [www.aurekyrkje.no](http://www.aurekyrkje.no)**

Dato:	AURE	STEMSHAUG	GULLSTEIN
03. okt.			Gudstenste kl. 16.00. 50-årskonfirmantfeiring, presentasjon av nye konfirmant- er.
10. okt.	Ingen gudstenester.	Ingen gudstenester.	Ingen gudstenester.
17. okt.	Gudsteneste kl. 15.00. Presentasjon av nye konfirmantar, utdeling av bøker.	Gudsteneste Kl. 11.00. Presentasjon av nye konfirmantar, utdeling av bøker.	
24. okt.	Ingen gudstenester.	Ingen gudstenester.	Ingen gudstenester.
31. okt.	Gudsteneste kl. 11.00. 50-årskonfirmantfeiring Stems- haug og Aure.		
07. nov.	Minnegudsteneste kl. 16.00.	Minnegudsteneste kl. 19.00	Minnegudsteneste kl. 11.00.
14. nov.	Ingen gudstenester.	Ingen gudstenester.	Ingen gudstenester.
21. nov.	Gudsteneste kl. 11.00.		
28. nov.		Adventsgudsteneste kl. 15.00 i Skarsøya grennahus.	
05. des.			Adventsgudstjeneste kl. 11.00. Utdeling av bøker.
12. des.	Lysmesse kl. 19.00.		



## Stabstur

Staben var også i år på sin tradisjonelle stabstur. I år gjekk turen til Trondheim der vi gjekk Ladestien, og enda opp i Nidarosdomen. Noko av traséen er pilegrimsrute og godt tilrettelagt for turgåarar. Det var eit fantastisk vær, og vi kunne sitje ute og ete lunsjen vår og sjá utover Trondheimsfjorden.

I Nidarosdomen var det veldig lite folk, på grunn av covid-19. Men vi fekk kome inn og gå rundt for oss sjølv og sjå på all kunsten. Vi besøkte også museet i Erkebispegården. Vi avslutta turen med ein stopp i Orkdalen før vi køyrdi heim til Aure. Staben set veldig pris på denne årlege tradisjonen som bidreg til godt samhald oss imellom.

Kyrkjeverja



Jørgen Larsen Tømmervåg døpt 08.08. i Gullstein kirke

**Returadresse:**  
Menighetsblad  
v/ Aure kyrkjecontor  
Aursundvegen 147  
6690 Aure



### Konfirmantar Aure og Stemshaug

1. rad f.v.: Ingrid Ramsvik, Ida Toft Ramsvik, Helena Asuncion Bugen, Guri Flø.  
2. rad f.v.: vikarprest Tommy Stormo, Louise Vaag, Torhild Ruud Haltbakk, Hanna Svinsaas, Thea Elisabeth Nilsen Hildre, Elisabeth Strupstad Bugge, Madelene Pedersen.  
3. rad f.v.: Sakarias Leirdal Vaag, Solveig Holmen Oldervik, Lars Boge Barlaup, Anna Nordvik, Theodor Hjelen Åsebø, Ole Håvard Sagdahl.  
4. rad f.v.: Iver Husby, Jovna Olai Krutvik, Christoffer Tøndel Sæternes, Mathias Nilsen Hildre, Loke Skiphamn, Torstein Haltbakk, Leander Jonssønn Olsbakk, Linnea Elisabet Næss Klepsvik, Ole Robert Ulfnes Aarvåg.



### Konfirmantar Gullstein

1. rad f.v.: Tom-Eric Birkeland, Theodor Engvik Aasen.  
B.v.: Kaja Tømmervåg Fahle, vikarprest Tommy Stormo, Knut Tømmervåg Fahle